

Emne: Dei „kloke“.

Fylke: Buskerud

Oppskr.: Ola Rudvin (f. 1899)

Krets: Kemsedal

Hammerstadgt. 12 B, Oslo

Teige røysele.

Dei „kloke“.

I min barndom og oppvekst var det ingen „kloke“ i bygda, så vidt eg veit. Heller ikkje høyrde eg gjete slike frå gammel tid. Dermed er ikkje sagt at slike ikkje fantst i bygde eller grannbygdane. Men nokon vidgjeter av det slaget kan det snarlt ha vore i dei nærmark bygdelag.

At ein og annan „gjorde åt“ for ymse ting, er mykje heleg. Men det var svært lite tradisjon om slikt alt i min barndom. Det einaste eg kan minnast var det mi farmor fortalte: Ein mann i nærleiken der ho vaks opp, som „mælde for mosotten“. Med ein tråd mælde han høgda på vedkomande og lengda frå fingerhepp til fingerhepp når vedk. retta armene ut til sidene. Kva han elles tok seg fyre som åtjerd, har høilt gått meg av minne (dersom bestemor i det lunde fortalde noko om det).

Av andre magiske rådgerder fortalde kan nemnast å „mane fjuren“ s. v. s. få fjuren til å vera attende ting han hadde stole. Bestemor fortalde: Ein mann i grun-

da (halvtoussing) muska og skal lite grand når han kunne koma til. Men dei vissle råd med dette. Dei gjekk til han og sa: „Du kan vel mane hjuven, dei?“

Han — ja, det var ikkje heilt utrukig det!

„Ja, det vart borte — det og det — her ein dag. Du får mane hjuven til å koma att med det, er du vill!“

Han kjende seg kry over tilkva: „Ska é ta'm toert, eun ska é gje so lite lom?“ (Han var kleis på r og sa lom).

„Å, du får då gje han lite rom,“ sa dei.

Dagen etter fann dei hjuvesakene utanfor dørhella. —

Andre gav seg ut for å kunne „binde kvepsen“ så han ikkje stakk. Formulen (båna) dei mytla høyrde seg ikkje omtala. —

*

Divert er det ikkje meir eun dette vesle og kan fornytt melde om dette emnet.

14-8-61.

Ola Rudvin